



**- No kan me endeleg få gjort ferdig arbeidet som skulle vore gjort for to år sidan, seier advokat Bjarte Døssland til innsida.no etter at Kvinnherad Energi fekk medhald i Muradalsaka i Høgsterett. Det var også ein stor siger for advokaten frå Uskedalen**

Dei fem dommarane var samde om at KE sin utbyggjing i Muradalen ikkje er i strid med plan- og bygningslova.

- No må Staten rydda opp etter seg og betala for skaden dei har påført, seier Døssland.

han vil ikkje spekulera i kor stor erstatningssummen kjem til å verta, men reknar med at det i alle fall vert tale om fleire millionar.

- Då snakkar me om tapt kraftproduksjon i tillegg til andre kostnader, seier Døssland.

Vegen vidare no vert å søkja byggjeløyve på vasshandsamingsdelen, noko Døssland meiner bør gå greitt.

- Me må tru at det ikkje vert meir vas no, seier han.